



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 02/2021

Dato: 08.09.2021

Tidspunkt: 20:00-22:00

Stad: Foajeen

Til stades: Elisabeth Steine (kasserar), Helen Moen Gjuvsland (leiar), Kristine Bøe Berge (skrivar) Hege Hiim Steine (styremedlem), Eskil Nerheim (vara), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball), Sveinung Steine (gruppeleiar trim), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa)

Forfall: Øyvind Gjuvsland (nestleiar)

Andre til stades:

Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste godkjent utan merknadar.

Sak 02/21 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 03/21 Orientering frå leiar v/Helen Moen Gjuvsland

- Vore på årsmøte i idrettsrådet. Hadde gjennomgang av kulturmidlar. Her vil me få tildelt sum etter ein fordelingsnøkkel. Overføringa kjem i løpet av hausten.
- Avtale bruk av foajé med Vinjar skule er på plass. Om idrettslaget ynskjer å bruka den etter avtalen, må ein laga rutinar og avtalar etter gjeldande avtale. Jon spelar og inn ny rutine for låsing. Jon snakkar med Sigbjørn Overskeid om saka.
- Dugnaden for beising av Gullinghuset er gjort opp. Nedvask skal gjennomførast i løpet av hausten. Økonomigruppa har ansvar for organisering. Bidraget frå (kultur) kommunen er 7000,-. Elisabeth fakturerer kommunen når arbeidet er utført.
- Sjekka om beløpet på flaggheisinga er regulert. Helen sjekkar dette.
- Ny 2-årsavtale for tilsyn (fram til august 2023), vask og dagleg drift på Gullinghuset er på plass. Vask og tilsyn av toalett i reinseanlegget utgår frå avtalen, og disposisjon av toalettbygget til snøproduksjonsutstyr er teke med i avtalen.
- Allidretts-SFO har hatt godt oppmøte, 40 elevar har vore deltagande våren 2021. Til neste runde bør ein gi ut tydlegare informasjon og ha ein avklaring mellom dei tilsette på SFO og leiar for Allidretts-SFO. Har vore eit spørsmål om ein ikkje skal ha dette for yngste gruppa, 1.klasse. Ein legg til grunn og at det er frivillig, og elevane må difor ha motivasjon for å delta.
- Håp og mål om å få gjort sti-arbeidet opp frå fotballbanen før vinteren.
- Førespurnad om dugnad for riving av privathytte, sortering og levering av avfall. Idrettslaget har fram til no ikkje gjennomført dugnad for privataktørar og per no er me ikkje innstilt på å ta på slike jobbar.

Sak 04/21 Orientering frå kasserar v/Elisabeth Steine

- Gjennomgang av halvårsrekneskap.
- Har søkt momskompensasjon, men dette er ikkje kome inn endå.
- Medlemskontigent må gå via Minldrett. Har vore utfordringar etter omlegging til Minldrett med noko därleg brukarvennlegheit. Me må ta ein felles dugnad på å få ut god informasjon til medlemmane våre – som er grunnlaget for vårt lag!



- Startar opp ivrigtrening for 4.-6.klasse no i haust. Aslak Moe og Siri Handeland har ansvar for dette inntil vidare. Ein legg til grunn at deltakarane har god motivasjon for ei ekstra treningsøkt på søndagsettermiddag.
- 1.klasse har starta opp treningar med Dagfinn Havrevoll og Hans Olav Brustveit som trenarar.
- Suldalserien går etter planen med dei 10 laga me har. Godt med folk i Prestavikjo om torsdagane. Det blir notert koronaprotokoll av kampvertar. Ungdommane stiller velvillig opp som dommarar.
- Suldalscupen gjekk av stabelen på Kjølvikstølen søndag 5. september. Me stilte med dei vanlege laga. Ungdomsskulelaget vann i konkurransen med IL Sand. Stussleg ungdomsoppmøte... Dei tre lilleputtlaga var nok litt skuffa over at ingen kom til semifinalane. Knott og miniknott verka til å vera godt nøgde. Fint gjennomført cup ut frå føresetnadane om begrensa besøk og kontakt.
- Laurdag 18. september stiller Suldal IL med seks lag i Røldal Cup.
- A-laget spelar halv sesong, har spelt fire kamper og vunne tre av dei. Godt oppmøte på trening, og brei stall. Positivt. Var litt uroa i sommar, men hadde ein grundig runde og fekk «kjøpt» tilbake ungdommar som har vore i andre klubbar mens me har vore nedstengt. Nokre solide namn har gitt seg, men det ser likevel bra ut.
- Suldalsgutane- og jentene starta vårsesongen med fem lag. G16 fekk ikkje spelt seriekamper før det blei nedstenging, men dei gjorde det godt i Grannarcup. Dei fekk akkurat ikkje spelt finalen pga korona. J15 fekk vel spelt eit par kamper i serien, og var også klar for finale i Grannarcup. Desse to laga måtte me trekka frå vidare seriespel i sommar, sidan så mange flytta vekk på skule.
- G13-1, G13-2 og J14 som me starta opp i vår held framleis på for fullt. Det er kjekt og sjå at alle desse laga absolutt er med og hevdar seg i 2. divisjon. G13-laga manglar nok litt på å dra i land dei jamne kampane, og det er nokre gutar som ikkje er 100% motiverte til å gjera innsatsen som ein forventar for å få framgang. Desse vil få beskjed om det, for dette var eit kriterium for å få vera med.
- J14-laget toppar tabellen etter fire sigrar og eit tap.
- Det er meldt på lag i Veteran +39-klassen til Veteranturnering på Tjensvoll laurdag 13. november.
- Me hadde tilsyn på Prestavikjo stadion i vår. Det me må ha er rister til å forhindra gummi i å forlata banen. Olav Bakka Berge, Kolbjørn Kvæstad og Helen M. Gjuvsland har laga prototyp på rist/samlekasse i mai, og planar for kor ein skal ha desse er på plass. Styret informerer om at fleire skokostar og festemateriell er kjøpt inn. Ein nyttar dagens rister som ligg ved inngongane til banen, og supplerer med fleire rister dersom det viser seg å vera behov for det. Informasjonsskilt er på plass (men står førebels på feil side i påvente av rister). Det var ønskjeleg, men førebels ikkje eit krav om tett kant under gjerdet for å hindra gummi i å nå grusen. Bør nok montera til dømes terrassebord etter kvart. Utstyr til rister er no på plass



og Jon gir oppdraget vidare til baneansvarlege Geir Bjarte Hoftun og Odd Åsgeir Lunde.

- Ski- og fotballgruppa har mottatt ein del gjerde frå Ola Fisketjøn AS. Dette blir inntil vidare plassert ved ballbuo i Prestavikjo.

Sak 06/21 **Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim**

- Treningane er starta opp på tysdagar. 3 grupper er i sving. 1.-2.klasse, 3.klasse og eldre og den eldste gruppa frå 5.klasse og oppover.
- Det har vore nokon rulleskirenn, Blinkfestival og Svandalen opp, framover blir det rulleskirenn i Sandnes, KM og Hovden.
- Skal arrangerer ei sonesamling 23.-24.oktober i lag med Hjelmeland.
- Har sett opp datoar for skikarusell (07.02.22, 22.02.22, 09.03.22, 17.03.22), Suldalsrennet (12.02.22) og Mosvatnet rundt (20.03.22). Tilbake til tradisjonell organisering med alle på ein kveld når det gjeld skikarusell.
- Søkt om å få arrangera KM del 2 i lag med Hjelmeland. Om dette går gjennom, utgår Mosvatnet rundt.
- Har teke runden med sponsorane for ny runde med bestilling av klede. Vert via nettbutikk som i fjar. Satsar på å få til ein prøvekveld i førekant og bestilling no i haust, med håp om levering til jul. «SKI» utgår frå Trimtex dressane. Det vil frå no stå berre «Suldal IL».
- Ein kan søkja stimuleringsmidlar for tapte inntekter grunna Covid-19. Her vil skigruppa søkje og her bør også Økonomigruppa søkje. Elisabeth lagar eit estimat på tidlegare inntekter i kiosk både på fotballarrangement og skiarangement. Venke Olene tek dette vidare. Søknadsfrist 15.november.
- Skal gå i gang med arbeidet om å leggja ned ytterlegare ca. 200 000 meter røyr i lysløypa til kunstsnøanlegget.
- Vil i løpet av hausten leggja ein plan for opparbeiding av akebakke.

Sak 07/21 **Orientering frå trim v/Sveinung Steine**

- Grunneigaravtalane for stinett straks på plass.
- Skilt skal bestillast til skilting av nokre av stiane (Vinjanuten og Stråpanuten).
- Yoga er starta opp igjen etter sommaren og ein kan no starta opp att trimminga for vaksne i alle gruppene.

Sak 08/21 **Orientering frå økonomigruppa v/Venke Olene Vaarvik**

- Har endeleg fått starta kiosk. Har vore veldig kjekt og godt med kiosksal! Fungerer bra med Vipps.

Sak 09/21 **Jubileumsbok**

- Hovudstyret sitt mål er at jubileumsboka skal vera fullfinansiert gjennom annonsesal før den går i trykken. På den måten kan overskuddet gå tilbake til fellesskapet gjennom eksempelvis investering i utstyr.



- Annonsesalet er godt i gang og mange bedrifter har kjøpt annonseplass på dei siste sidene i boka.
- Det vart bestemt at ein vil ta med ein tekst om kva bedrifter som er idrettslaget sine hovudsponsorar (Sparebanken Vest, Haugaland Kraft og Statkraft). Alle tre har kjøpt annonseplass eller støtta utgivinga økonomisk.
- Trykkeriet oppmodar til å gå for hard perm på boka, då det vil forlenga levetida for boka. Styret innstiller på det.
- Me bestiller 400 bøker.
- Må leggje ein plan for publisering når boka er klar og skal seljast; annonse i Suldalsposten, heimesida og sosiale media. Drøfta aktuelle plasser å få selja boka.
- Mål om ha den klart til sal i november.
- Det er bestemt at prisen på boka ikkje skal stå på omslaget.
- Hovudstyret landar pris på boka.
- Hovudstyret tek også ansvar for godtgjeringane til forfattarane og medhjelparane.

Sak 10/21 Ymse

- Bruk av appen «Spond» aktuelt for idrettslaget? Ein oversiktleg app kor ein kan kommunisera i idrettslagsregi. Appen er noko ukjent for styret, så her blir det leksa for møtedeltakarane i å setje seg inn i appen før neste styremøte.
- Treningstidene i gymsalen er like som før.

Kristine Bøe Berge
Skrivar